



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF
5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55
TELEFAX 56 35 28 00

ARKIV

Eivind Iversen

Indre Eknes
5160 EIKANGERVÅG

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 15.10.97

FFO/97/4847/238/008/001

**FØREBELS SVARBREV I SAMBAND MED SØKNAD OM
BYGGELØYVE: TILBYGG TIL BUSTAD -
EIVIND IVERSEN - GNR.238 BNR.008 - EKNES INDRE**

Vi har 06.10.97 motteke søknaden Dykkar om ovanstående.

Som dei fleste andre kommunar praktiserer også Lindås kommune førehandsinnkreving av gebyr for sakshandsaming. Dette vert gjort med heimel i § 109 i Plan- og bygningslova, og vi viser også til kommunen sitt gebyrregulativ pkt. 7 A, vedteke av Lindås kommunestyre. Saker vert vanlegvis ikkje handsama før gebyr er betalt. For tida er saksmengda så stor at vi diverre har ei sakshandsamingstid på ca. to månader før sakene kan handsamast, og vi reknar denne tida frå den dato sakshandsamingsgebyret er motteke. Med bakgrunn i ovannemnde tillet vi oss å sende rekning på gebyret, som vert:


Byggesakshandsaming etter § 93 kr 1069,50
Byggekontroll kr 624

Rekninga vert sendt frå økonomikontoret til Dykk i veke 42.

Vi ber om forståing for at det tek noko tid å få saka fram til avgjerd og vil elles stå til teneste på beste måte.

Eventuelle spørsmål kan rettast til saksbehandlar Fridtjof Fosse.
Ver vennleg å oppgje journalnummeret på saka som er 97/4847.

Med helsing


Hildur Halland
avd.leiar.